



Årringen 2012

Annual Review No 16 of The Arboretum &
Botanical Gardens, University Museum of
Bergen, The University of Bergen

ISSN: 0809-5213

Journal home page:

<https://www.uib.no/universitetshagene/66488/%C3%A5rringen>

”Naboen Sõt” – eit eplemysterium

Dag Olav Øvstedal, Universitetshagene, Universitetet i Bergen,
Mildevegen 240, 5259 Hjellegstadi (e-post: dag.ovstedal@uib.no)

Bodil Olma, Universitetshagene, Universitetet i Bergen,
Mildevegen 240, 5259 Hjellegstadi

To cite this article: Øvstedal, D.O. & Olma, B. 2013. – ”Naboen Sõt”
– eit eplemysterium. – Årringen 2012 (16): 127–129.

Published March 2013

”Naboen Sõt”- eit eplemysterium

Dag Olav Øvstedal, Arboretet og Botanisk hage, Universitetsmuséet, DNS, Mildevegen 240, N-5259 Hjellevad (e-post: dag.ovstedal@um.uib.no).

Bodil Oma, Arboretet og Botanisk hage, Universitetsmuséet, DNS, Mildevegen 240, N-5259 Hjellevad (e-post: bodil.oma@um.uib.no).

I ein av hagane som grensar inn mot Botanisk hage sitt område på Milde, veks eit lite og puslete epletre. Det har stått der lenge, og i 2000 meinte eigaren det berre var eit suralpaltre. Men epla er søte, og blada håra, noko som tyder på at det er ein dyrka eple-sort (*Malus × domestica*). Så starta problemet med å finna ut kva sort det er.

Det dyrka eplet vert no rekna å stamma frå arten *Malus sieversii*, som veks i Kasakhstan og nærliggande område. Frå denne arten har det altså blitt utvikla ein lang rekke kultivarar av ulike eplesortar.

Kvistar frå det omtala epletreet vart poda inn på podegrunnlag i Nyttvekksthagen i Botanisk hage og gjeve namnet ”Naboen Sõt”. Epla er, når dei er modne, tønneforma og om lag 4,5 × 4 cm (modne), gulgrøne med eit raudt parti på solsida. Dei vert modne i oktober.

Vi tok kontakt med den danske epleforskarer Anders Søndergård Larsen ved Hørs-holm i Danmark, og han granska dette treet med hjelp av molekylære metodar. Han samanlikna treet med sine referanse-kultivarar, og fann at ut frå dei fire loci som var lesbare, delte det genotype med sorten ’Filippa’. Men når ein samanliknar fenologi og smak, kjem ein fram til at det er ein forskjell mellom ”Naboen Sõt” og ’Filippa’ (bilete neste side). ”Naboen Sõt” vert tidlegare moden enn ’Filippa’.

Sorten ’Filippa’ kom frå frø i hagen til Filippa Johannsen på Fyn i Danmark om-kring 1880. Reedalen og Westerheim (1991) skriv dette om sorten: ”Frukten er av variabel størrelse, men overveiende middels stor. Valseformet til konisk, ofte skjev. Små tydelige skallpunkter. Lys grøngul-hvitgul. Litt rødt på solsiden ved god utvikling. Sterk lukt. Fruktkjøttet er hvitt. Særpreget aroma og smak. Forholdsvis høyt syreinnhold.”



”Naboen Sõt” på mortreet
(foto: D. O. Øvstedal september 2012).



"Naboen Sõt", modne eple frå mortreet (foto: Paul Edmundo Odfjell oktober 2012).

'Filippa' frå Hardanger (Steinstø) har større eple (6.5 × 6 cm), men har dei same fargane og dei same tydelege skallpunkta som hos "Naboen Sõt". Epleforskaren Stein Harald Hjeltnes ved Mjøs forsøksstasjon seier (pers. medd.) at dei fleste landsortane våre må vera kome til ved tilfeldige kryssingar av ulike sortar.

Den 4. oktober vart 'Filippa'-eple frå Hardanger samanlikna med "Naboen Sõt" (mortreet). Ein samla arbeidsstokk ved Botanisk hage smakte på epla, og det var full semje om at 'Filippa'-epla har ein kraftig smak og aroma som ein ikkje finn hos "Naboen Sõt", desse epla er surare og med ein svak smak, som allikevel minner om den hos 'Filip-



pa'. Det er altså snakk om to ulike eplesortar. Kva som er den andre foreldresorten til "Naboen Sõt", veit vi førebels ikkje noko om.

'Filippa' frå Steinstø (foto: Bjørn Moe, november 2012).



Steinstø fruktgard: fruktgarden er på om lag 60 mål og har 3500 frukttr , for tida er 18 eplesortar i produksjon. 'Filippa' var ein av dei største kulturane etter krigen og utover. Dei var i produksjon i beile Hardanger-regionen. Det har vore vanleg at dei podar sine egne frukttr  p  garden, s  ogs  med 'Filippa'. 'Filippa'-tr a er om lag 70  r gamle, diameteren p  kruna er 6-7 m og h gda er om lag 6-7 m. Det er lettstelte tr , med lite soppsjukdom, men f r makk, dvs.  tak av rogneberm ll. Tr a gjev  rvis avling, og det er eit godt mateple. Produksjon er framleis aktuell for direkte sal, men for levering til grossist er den ikkje lenger aktuell. Den har lys skalfarge, og f r lett slagskadar under hausting og omsetning. Det er norske eple med god raudfarge som er for sal i butikk (foto: Ola Steinst ).

Botanisk hage p  Milde har s leis sin eigen eplesort, som vi vil ta vare p  framover.

Fordi mange av dei gamle eplesortane ikkje vert teke imot av grossistane, vil dei etterkvart g  ut fr  fruktgardane, og ein vil berre finna dei att p  musea og i botaniske hagar. Vi tek difor med ei skildring av stoda for 'Filippa' ved Steinst  fruktgard i Hardanger i dag, som eit d me p  ein typisk hardangerfruktgard.

Takk til Stein Harald Hjeltnes, Anders S nderg rd Larsen og Ola Steinst  for generelle opplysningar, Paul Edmundo Odfjell og Bj rn Moe for foto.

Litteratur:

Reedalen, G. & Westerheim, S. 1991. – *L r   dyrke frukt*. – Det norske hageselskap.